

# Strålande urpremiere

**I går, onsdag 16 februar, braka det laust med premiera på "Grammatikk og kjærleik" på samfunnshuset i Volda. Musikklinja leverte eit fabelaktig show fylt med både latter og tårer.**

Forventningane var store då lyset senka seg over den fullsatte salen. Bak sceneteppet stod spente elevar klare til å entre scena og gjer sitt beste. Dette var kvelden dei alle hadde venta på og no skulle endeleg all terping og øving kome dei til gode. Det heile byrja med ein roleg song framført av Tone Brandal som spela mor til Ivar Aasen. Dette skapte ei rørende stemning blant publikum og ein fikk innblikk i korleis historia skulle utvikle seg vidare.

## **Ivar som barn**

Vi følgjer Ivar som barn, spelt av Eirik Risholm Velle. Det byrjar med eit morosamt innslag kalla "Filago Minima" der vi er med Ivar ut og botanisere. Her er dansarane utkledd som blomar og dansar rundt hovudpersonen medan han "botaniserar" dei. Deretter følgjer ein imponerande dans under "Munnar å mette/potet-stomp" der dansarane gav ein rytmisk oppleving i form av "stomp-dans". Så er tida komen for at Ivar skal konfirmerast og stå for presten. Han svarar korrekt på spørsmåla han får og innbyggjarane vert imponert. Dette førar til eit av stykkets hovudnummer "Flogvit" - eit svært livleg nummer.

## **I lære**

Ivar vert sendt i lære hjå Prost Thoresen og møter Berte. Dette byrjar med den kvikke songen "Subjekt" der vi møter den litt eldre utgåva av Ivar spelt av Lars Ove Fossheim. Her møter vi også dei sju borna som er gjesteartistar på musikalen. Ivar vert forelska i Berte og vil be om hennar hand. Dette kjem fram i songen "Grammatikk og kjærleik". Både dansarar og solist Vegard Kløvning imponerar stort i denne framføringa. Dessverre får Prost Thoresen vite om forholdet og Ivar må ta eit val.

## **Saknad**

I akt to byrjar det heile med ein trist song framført av Berte, spelt av

Sine Bjordal Halkjesvik. Ivar har flytta til Solnør for å gå i lære hos ein annan prest og dei har ikkje sett kvarandre på to år. Saknet er stort. Berte dreg til Solnør for å treffe han, men utan hell. På same tid har Ivar byrja å samle ord og under sangen "Ordboka" får vi gjennom "rap" eit innblikk i Ivar sitt verk. Også her imponerar dansarane og koreografane Ingrid Helset, Ingvil Myklebust og Ida Aurstad stort.

### **Grammatikk og kjærleik**

Musikalen går mot ende og vi får som siste hovudnummer høyre songen "Lovtale Yver Culturen" som omhandlar det å finne seg til rette mellom byfolka i Kristiania. Her er mange med og ein kan ikkje sjå ein stillestående person på heile scena. Etter dette vert stemninga betraktleg roa ned og vi får ein rørende og minneverdig slutt der Mats Humberst spelar Ivar som gamal mann. Musikalen var i år som alle andre år ei imponerende og praktfull forestilling der musikklinja viste at dei kan det dei held på med. Både manusforfattar Astrid Eidseth Rygh og komponist Svein Olav Blindheim var tydeleg fornøgde med det dei har fått til.

**Skriven av: Maia Lisa Vik og Tuva Dimmen Vassbotn, 1MK2, Volda vgs.**